

Mållaget har møte i Gamleskulen**25.03.2009**

Måndag 30. mars held Kvinnherad Mållag årsmøte og temamøte i Gamleskulen i Uskedalen, opplyser leiar Kristian Bringedal.

I tillegg til dei vanlege årsmøtesakene og utdeling av Målblomen for 2009 skal ein halda fram med drøftinga av ei samanslåing av mållaga i kommunen. Representanter frå Husnes Mållag er inviterte til møtet.

Arne Sunde skal halda foredrag om det norske Amerika, nærmere bestemt om utvandringa og norsk språk og kultur i Midtvesten.